

**KONTROLLUTVALET I  
SANDØY KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 01. april 2019, kl. 15.45

Møtestad: Sandøytunet

Møtet vart leia av Svein Ove Søholt.

Elles til stades:

Nils Erling Finnøy, Anne Elin Harnes og Janne Falch (vara).

Meldt forfall: Jan Kåre Brunvoll

Ikkje meldt forfall: Liss Anniken Hagen

= 4 **voterande**

---

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå administrasjonen møtte einingsleiar Anita Øen på deler av møtet.

Innkallinga vart godkjent. Kontrollutvalet valde samrøystes å føre ei ny sak til sakslista; sak 08/19 Orientering om Nye Ålesund.

---

**Sak 05/19 - Godkjenning av møtebok frå 11.02.2019**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 11. februar 2019 blir godkjent.

---

**Sak 06/19 - Ny kommunelov – nye reglar på området for kommunen sin eigenkontroll.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 25. mars 2019

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet har merka seg reglane i ny kommunelov når det gjeld

området for den kommunale eigenkontrollen.

2. Kontrollutvalet bed kommunestyret ta saka til orientering.

---

## **Sak 07/19 - Sekretariat for kontrollutvala frå 2020.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 25. mars 2019

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

**Fellesnemnda for (Nye) Ålesund kommune og fellesnemnda for Fjord kommune gjer slikt likelydande vedtak:**

1. Fellesnemnda syner til eigarkommunane sine vedtak om endring av selskapsavtale for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS).
2. Fellesnemnda sluttar seg til kontrollutvala sine felles tilrådingar om å vidareføre det interkommunale samarbeidet om kontrollutvalsekretariat i regi av SKS IKS.

---

## **Sak 08/19 - Orientering om Nye Ålesund ved einingsleiar Anita Øen.**

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. På neste møte ønskjer kontrollutvalet ei orientering om legevaktordninga etter 1. januar 2020 i Sandøy, og på møtet 2. september ei orientering om politisk styringsmodell i dei gamle kommunane.

---

Møtet var slutt kl. 17.20

Svein Ove Søholt  
leiar  
(sign.)

Anne Elin Harnes  
nestleiar  
(sign.)

Nils Erling Finnøy  
medlem  
(sign.)

Janne Falch  
varamedlem  
(sign.)